



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato  
08.07.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/8829  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Varsel om tilsyn med Meland kommune. Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa**

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med skular. Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Vi viser til formøtet i samband med tilsynet, som blei halde 24. april 2014, og varslar med dette om tilsyn med skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova kapittel 1, 2 og 5 og forskrift til opplæringslova kapittel 1 og 3. Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skulens arbeid med opplæring i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring eller spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

#### **Formålet med tilsynet**

Det nasjonale tilsynet er innretta mot skulens kjerneområde: arbeidet med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet er å medverke til at alle elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir følgde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at

- elevane får kjennskap til og opplæring i dei måla som sentrale myndigheiter har fastsett
- elevane får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke sitt utbytte av opplæringa
- elevane sitt utbytte av opplæringa blir vurdert kontinuerleg
- elevane blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Gjennom kontroll med skuleigar og skulane si oppfølging av dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

### **Gjennomføringa av tilsynet**

Fylkesmannen vil føre tilsyn med Meland kommune i eigenskap av skuleeigar og Meland ungdomsskule. Undersøkingane i tilsynet vil bli gjennomført på skulenivå. Tilsynet skal utførast ved ein gjennomgang av innhenta dokumentasjon og intervju av tilsette på skulane.

Dersom vi avdekkjer lovbrøt, vil Meland kommune få førehandsvarsel om mogleg vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. I den endelege tilsynsrapporten vil kommunen få ein rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet. Dersom forholdet ikkje blir retta, vil det bli vurdert pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

- 19. september 2014: Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
- 16. oktober 2014: Gjennomføring av opningsmøte og intervju på Meland ungdomsskule
- 28. oktober 2014: Utsending av førebels tilsynsrapport om det er avdekkja lovbrøt, eller endeleg tilsynsrapport om det ikkje er avdekkja lovbrøt.
- 31. oktober 2014: Sluttmøte
- 14. november 2014: Utsending av eventuell endeleg tilsynsrapport med frist for retting

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen.

Tidsplan for intervju vil bli utarbeidd i forkant av tilsynet i samarbeid med kommunen og skulen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på nettstaden til Fylkesmannen.

### **Innsending av dokumentasjon**

Meland kommune skal sende vedlagde eigenvurderingsskjema som skulen har svart på, og vedlegg som byggjer opp under svara, til Fylkesmannen. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.

Vi ber om at skulen lagar ei liste over alle vedlegga. Vedlegga må vise til nummeret på spørsmåla i eigenvurderingsskjema. Dersom det er fleire vedlegg til eit spørsmål, må vedlegga også undernummererast (a, b, osv.)

**Dokumentasjonen knytt til eigenvurderinga skal omfatte faga matematikk, engelsk og kroppsøving.**

**Fylkesmannen vil ta kontakt med skuleeigar og rektor etter skulestart hausten 2014 for å gjere utval av årssteg, klassar og lærarar som dokumentasjonen særleg skal vere knytt opp mot. Vi vil og drøfte kva for elevgrupper som skal svare på vedlagte spørjeundersøking.**

**Frist for innsending av dokumentasjon er 19. september 2014.**

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unntatt offentlegheit i den grad dette er heimla i offentleglova.

Kommunen hentar inn all dokumentasjon frå skulen, og sender den samla til Fylkesmannen. Vi ber om at dokumentasjon vert sendt som e-post til [FmhoPostmottak@fylkesmannen.no](mailto:FmhoPostmottak@fylkesmannen.no)

Dokumentasjon som er unntatt offentlegheit, skal sendast som vanleg brevpost.

Vi ber om at det blir oppnemnt ein kontaktperson i kommunen og ved skulen for dette tilsynet, og at vi får tilsendt kontaktinformasjon for desse personane.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til Jon Fjeldstad, tlf. 55572254 eller på e-post [fmhojfj@fylkesmannen.no](mailto:fmhojfj@fylkesmannen.no)

Med helsing

Hanne Melander e.f.  
seniorrådgjevar

Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Eigenvurderingsskjema skuleleiar
2. Eigenvurderingsskjema lærarar
3. Spørjeskjema til elevar (med rettleiing)